



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Fredag 14.9.2018.

Stad: Telefonmøte

Desse møtte: Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad

Saker til styremøtet:

UFS 30/18: Oppheving av fredingssoner ut jakta 2018

Steinar Langesæter/s/ Jørund Kvestad/s/ Hildegunn Espe/s/

Ragnar Ystanes/s/ Synnøva Sæbø/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad



UFS 30/18: Oppheving av fredingssoner ut jakta 2018

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Grunnlaget for å oppheve fredingssonene på Ullensvang statsallmenning mot slutten av jakta er vedtaket i sak FUS 18/18 i Fellesstyret for Ullensvang herad:

«Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning vedtek å vidareføre ordninga med fredingssoner i reinsjakta inntil vidare. Det blir oppretta to fredingssoner (fredingszone sør og fredingszone nord) som vist på vedlagte kart. Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning kan oppheve fredingssonene mot slutten av jakta, dersom tilhøva tilseier det. Opphevinga gjeld ut jakta. Dette er berre aktuelt når det står dyr i vest (i Hordaland).

Samrøystes vedteke.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 3. avsnitt»

Når det står dyr i vest (i Hordaland) kan fjellstyret oppheve fredingssonene mot slutten av jakta. Oppsynssentralen på Skinnarbu har opplyst om at det har kome dyr inn i Hordaland dei siste dagane. Tilhøva ligg difor til rette for at fjellstyret kan oppheve fredingssonene den siste delen av jakta. Eidfjord fjellstyre og Røldal fjellstyre har gjort vedtak om å oppheve fredingssonene på sine statsallmenningar frå og med søndag 16. september kl. 0700 og ut jakta.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Ullensvang fjellstyre diskuterte saka i telefonmøte fredag 14.9.2018. Det var semje om å oppheve fredingssonene frå og med søndag 16.9. kl. 0700 og ut jakta. Verknaden av vedtaket skal vurderast etter jakta.

Vedtak (sak UFS 30/18):

Ullensvang fjellstyre opphevar fredingssonene på Ullensvang statsallmenning frå og med søndag 16.9. kl. 0700 og ut jakta. Verknaden av vedtaket skal vurderast etter jakta.



Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 23 3. avsnitt, jf. vedtak i sak FUS 18/18 i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning i møte 19.3.2018.

Samrøystes vedteke.